

Referat frå møtet mellom kontaktlærarar og klassekontaktar i 7.klasse

Dato: 9.september 2015

Stad: Hordabø skule

Det møtte foreldre frå 10 heimar.

1. Kort gjennomgang av timeplan og lærarar i dei ulike faga.

Minner om at elevane må ha med seg gymklede til gymtimane onsdag, torsdag og fredag.

Uansett kva fag ein har, så skal dei utvikla desse fem grunnleggjande kompetanseområda: rekna, lesa, skriva, munnleg og digital.

2. Årets vekeplan

No får elevane plan for to veker om gongen. Målet er at elevane skal få større fleksibilitet til å planleggja leksene i høve til fritidsaktivitetar. Og framleis skal det lønne seg å jobba godt på skulen.

Vekeplanen inneheldt fleire faste lekser kvar veke: leseuniverset til onsdag, norsk-innlevering til fredag, matte-innføring til fredag. Så elevane må planleggja leksene gjennom veka. Dette treng nokre av elevane litt hjelp med frå dei heime. I matematikk får klassen periodeplan til kvart kapittel. Der står det kva oppgåver elevane bør gjera kvar veke. Arbeidsboka er ei øvebok. Innføring dei vekene det ikkje er prøve. Der øver elevane på dei fire rekneartane og orden. Hugs: vis alltid utrekning og bruk linjal. Alle bør kladda først. Til no har det vore mykje rot og mange feil på grunn av hastverk, lite linjalbruk, og mykje slurv.

3. Klassemiljø

Det er knallbra☺ Det er ein klasse som alle skryt av når det gjeld omsorg og åtferd. Det ser ut som at alle har det godt og trivast på skulen. I år er det meir rulling på kven dei jobbar med og kven dei er med i friminutta. Supert! Likevel jobbar me kontinuerleg med klassemiljø. Elevane må trivast for å læra. Annankvar måndag (ved ny plan) bytar elevane plassar. Smartboardtavla bestemmer kven dei skal sitja med i den planperioden.☺
Alle skal kunne jobba med alle!

4. Utfordringar i klassen

- Litt mange gjer leksene for å gjera dei, ikkje for å læra dei. (Døme samf.fag test). Så eg fokuserer dagleg på å gjer noko for å læra.
- Hastverk og dårleg planlegging av veka fører til mykje slurv, lekser som ikkje er gjort/delvis gjort (hoppa av det som tek tid) og innleveringar som vert levert inn for seint.
- Underying: Orker ikkje å læra noko nytt. Elevane vel den enklaste veg.
- Orden: Dei gløymer ting eller finn ikkje bøker/ark/utstyr.

Orden må me ta på alvor, for neste år er det ordenskarakter på ungdomsskulen. Saman med foreldra vart me samde om følgjande:

Viss eleven ikkje har gjort lekser, må dei levera melding i meldeboka eller på sms til kontaktlærar. Når eleven ikkje har melding sender kontaktlærar sms til heimen same dag.

Døme på oppgåver frå nasjonale prøvar i lesing for 8.trinn vart delt ut, for å visa kva som møter dei neste haust. Her ser me at det er høge krav til kunnskap, så det er viktig at skule og heim jobbar saman om å utvikla den enkelte elev. Foreldre og elevar må saman finna ut kor viktig skulen er for dei, og kva han/ho vil og kan klara og oppnå i dei ulike faga.

5. Korleis kan heimen hjelpe 7.klassingen?

- Still krav og vis interesse for skulearbeidet.
- Planlegg veka saman søndagskveld.
- Spør og sjekk om dei har gjort innleveringar og øvd til prøvar.
- Still spørsmål - ikkje gje svaret. La dei måtte grubla litt! Og det er heilt greitt å seia at dette må du spørja læraren din om. Eg minner dei kvar dag om at dei vanskelege faga er det lurt å gjera på skulen. Nokon har blitt veldig flinke til dette☺
- Når det gjeld rettskriving er det mykje slurv, så her må me stilla krav til det dei gjer.
- La dei ta og kjenna litt på konsekvensar. Har dei til dømes gløymt gymklede heime i gongen, så ikkje kom på skulen med dei.

Hovudmålet i haust er å utvikla den ansvarsbevisste eleven, både fagleg og sosialt. Eit viktig tiltak er å læra dei strategiar for å læra og finna informasjon.

6. Leirskule i 7.klasse

6.-10.juni reiser alle 7.klassane i Radøy til Kinsarvik på leirskule. Kommunen betaler for opphaldet. Transport dekker skulen med pengar frå klassekassen (mellom anna inntektar frå dugnad på 17.mai). All informasjon om leirskulen finn de på <http://www.hardangertun.no/leirskule> . (Der står også utstyrslista).

NB! Elevane får ikkje ha med seg mobiltelefon denne veka.

7. 7.klassetreff

Vivian orienterte om 7.klassetreff. Foreldra i klassen vil arrangera sitt treff fredag 16.oktober. Kristin sender mail til dei andre skulane om denne datoen. Klassen skal koma med innspel til program, musikk og tema for kvelden. Vivian sender meir informasjon om arrangementet til dykk via mail.

Hordabø skule 10.09.2015

Kristin Helland (referent)